



Arkivnr: 2014/11865-35

Saksbehandlar: Guro Klyve

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		25.10.2018
Fylkestinget		11.12.2018

**Sal av Stord opplæringssenter på Heiane - gnr 44 bnr 336 i Stord kommune****Samandrag**

Stord opplæringssenter på Heiane industriområde er administrativt ein del av Stord vidaregåande skule. Fram til sommaren 2015 var det både kursverksem og ordinær skuledrift ved opplæringssenteret, men eigedomen vert no kun nytta som eit kurssenter i yrkesfag.

Når det gjeld den framtidige situasjonen for Stord opplæringssenter, har ein i samband med oppstart av programmeringa av Stord vgs, avd. Vabakkjen, sett på denne. Konklusjonen er at ein framover ikkje vil ha behov for å nytte bygget på Heiane ved utføring av fylkeskommunen sine lovpålagte oppgåver. Det vil heller ikkje vere behov for Heiane som avlastningslokale når Vabakkjen skal rehabiliterast og byggast om.

Av den grunn rår fylkesrådmannen til at eigedomen vert selt, og at den vert lagt ut for sal i den opne marknaden med prisønske i samsvar med takst.

Eigedomen på Heiane har eit areal på vel 7,2 mål, og ein bygningsmasse på 3.301 m<sup>2</sup> BTA. Stord opplæringssenter har to hovudbygg med ein verkstaddel og ein teoridel, og dei er knytta saman med eit lite mellombygg. I tillegg er det eit lagerbygg og ein rubbhall på eigedomen. Stord opplæringssenter ligg i eit område regulert til næring, og eigedomen vil vere attraktiv for mange typar verksemder.

I næringstakst frå Divisa Holding AS datert 11.06.2018 er marknadsverdien sett til kr 23 mill., og det er utelege av eigedomen som er lagt til grunn for verdsetjinga.

Fylkeskommunen har rammeavtale med Fana Sparebank Eiendom AS om eigedomsmeklartenester knytt til gjennomføring av eigedomssal. Dei vil utarbeide salsprospekt, annonsera salet, gjennomføre bodrundar og stå for det økonomiske oppgjeret.

For å avslutte ein bodrunde må seljar kunne godta det høgaste bodet. Dersom ein må vente på ei politisk handsaming av bodet, vil dette ta tid og ein risikerer at bodgjevar ikkje vil la bodet sitt stå ved lag så lenge. Ein rår difor til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 23 mill. Dersom høgaste bod er lågare, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

**Økonomi:** Eit sal av Stord opplæringssenter vil gje inntekter til fylkeskommunen.

**Klima:** Ikke relevant.

**Folkehelse:** Ikke relevant.

**Regional planstrategi:** Dersom kjøpar skulle ønske å gjøre endringar med eigedomen som krev ny reguleringsplan/endringar i gjeldande plan, vil forholdet til regional planstrategi inngå i reguleringsprosessen.

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner sal av Stord opplæringssenter på Heiane i Stord kommune.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høyere enn 90 % av prisønske som er kr 23 mill.
3. Dersom høgste bod er lågare enn 90 % av prisønske, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Jostein Fjærstad  
direktør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Næringerstakst
- 2 Situasjonskart

**Fylkesrådmannen, 03.10.2018**

Stord opplæringssenter på Heiane industriområde, med adresse Ringvegen 24, vart bygd i 1986, og var då eit senter for Arbeidsmarknadsopplæring (AMO - senter). Senteret tilbydde kurs for næringslivet og det offentlege innafor fag som sveis, VVS, industrirøyrleggjar, IKT m.m.

Eigedomen har eit areal på vel 7,2 mål, og ein bygningsmasse på 3.301 m<sup>2</sup> BTA. Stord opplæringssenter har to hovudbygg med ein verkstaddel og ein teoridel, og dei er knytta saman med eit lite mellombypgg. Kapasiteten er 200 elevplassar til teori og 50 sveisebåser. I tillegg er det eit lagerbygg og ein rubbhall på eigedomen.

På 1990-talet vart Stord opplæringssenter innlemma i Stord yrkesskule og tekniske fagskule.

Stord gymnas (Saghaugen) og Stord yrkesskule og tekniske fagskule (Vabakkjen) vart i 2006 slegne saman til Stord vidaregåande skule.

Det har såleis vore både kursverksem og skuledrift ved Stord opplæringssenter i mange år. Etterkvart har skuleelevar flytta over til Vabakkjen, og frå sommaren 2015 har det ikkje vore skuledrift i lokalra på Heiane. Eigedomen på Heiane vert no kun nytta som eit kurssenter i yrkesfag. Dei kursa som er sett i gong vil alle vere avslutta innan utgangen av juni 2019.

Når det gjeld den framtidige situasjonen for Stord opplæringssenter, har ein i samband med oppstart av programmeringa av Stord vgs, avd. Vabakkjen, sett på denne. Konklusjonen er at ein framover ikkje vil ha behov for å nytte bygget på Heiane ved utføring av fylkeskommunen sine lovpålagede oppgåver. Det vil heller ikkje vere behov for Heiane som avlastningslokale når Vabakkjen skal rehabiliterast og byggast om.

Av den grunn rår fylkesrådmannen til at eigedomen vert selt, og at den vert lagt ut for sal i den opne marknaden med prisønske i samsvar med takst.

Det er innhenta verditakst frå Divisa Holding AS datert 11.06.2018. Ringvegen 24 ligg i eit område 4 km sør for Leirvik som er regulert til næring, og den vil vere attraktiv for mange typar verksemder. Marknadsverdien er i taksten sett til kr 23 mill, og det er utleige av eigedomen som er lagt til grunn for verdsetjinga.

Fylkeskommunen har rammeavtale med Fana Sparebank Eiendom AS om eigedomsmeklartenester knytt til gjennomføring av eigedomssal. Dei vil utarbeide salsprospekt, annonsera salet, gjennomføre bodrundar og stå for det økonomiske oppgjeret.

For å avslutte ein bodrunde må seljar kunne godta det høgaste bodet. Dersom ein må vente på ei politisk handsaming av bodet, vil dette ta tid og ein risikerer at bodgjevar ikkje vil la bodet sitt stå ved lag så lenge. Ein rår difor til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 23 mill.

Dersom høgaste bod er lågare, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.